

Holdhus barnehage
Holdhus
5640 EIKELANDSOSENVår dato
30.11.2016**Høyringsbrev - endring i vedtektene for barnehagane i Fusa kommune frå 01.01.17.****Formannskapet vedtok 23.11.16 å leggja framlegg til endringar i vedtekter for barnehagane i Fusa kommune ut på høyring med seks vekers frist til å koma med merknader.****Faktiske opplysningar:**

Det er kome endringar i *Lov om barnehager* som gjer at Fusa kommune må oppdatere vedtektene. Endringane omfattar mellom anna barn sin rett til medverknad og utvida rett til barnehageplass.

Formannskapet vedtok 23.11.16 to opptak i året, med søknadsfrist 01.03 og 01.10. Denne endringa er med i forslaget til nye vedtekter.

Det er og ein del praktiske og formelle tilhøve som må rettast opp. Mellom anna er det ikkje lenger naturleg å kalla barnehage og skule for oppvekstsenter når dei er åtskilte, både når det gjeld økonomi, personalansvar og eigartilhøve. To av skulane er blitt privatskular, og det er ikkje naturleg å ta del i kvarandre sine saker når det gjeld økonomi. Einingane barnehage og undervisning samarbeider tett, og barnehagane og skulane kan framleis ha eit tett og godt samarbeid med barna i sentrum. Det viktigaste er at barna får trygge og gode oppvekstmiljø.

Framlegg til endringar i vedtektene for barnehagar:

Punkt i vedtektene	Overskrift	Endring
1	Eigartilhøve	- Inn med visjon og verdisett
2	Godkjenning	- Endra frå oppvekstsenter til barnehage - Endra til at barnehagane er administrativt knytta til einingsleiar for barnehage
5	Barns rett til medverknad	- Inn med § 3 frå lov om barnehagar
6	Samarbeid med heimen	- Endring av samansetning av samarbeidsutvala i barnehagane
7	Opptaksordning	- Endra § 12 a. utvida rett til barnehageplass - Inn med to opptak i året, med søknadsfrist 01.03 og 01.10.

		- Nye plassar vert tildelt frå 15. august. Dette er for at dei barna som skal over på skulen kan få tilbod om 14 dager ekstra barnehagetilbod før dei startar på skulen.
11	Foreldrebetaling	- Ta vekk at det er høve til å søkja om reduksjon i foreldrebetalinga dersom eit barn får spesialpedagogisk hjelp. - inn med at 3-åringane i lag med - og 5-åringane kan søkja gratis kjernetid dersom den samla hushaldningsinntekta er under grensa som vert satt av stortinget.
Siste punkt	Forsikring	- Ta vekk punktet om forsikring. Dette punktet angående forsikring er overført til avtalen foreldra/ føresette skriv under på når dei tek i mot barnehageplassen.

Med bakgrunn i vedtaket, vert høyringsdokumentet sendt til følgjande:

- **Strandvik barnehage**
Strandvikvegen 560
5643 Strandvik
-samarbeidsutval (SU)
-Foreldra sitt arbeidsutval (FAU)
-fagforeining for tilsette v/HTV

- **Trollskogen barnehage**
Opsalmarka 12
5641 FUSA
-samarbeidsutval (SU)
-Foreldra sitt arbeidsutval (FAU)
-fagforeining for tilsette v/HTV

- **Holmefjord barnehage**
Holsundvegen 192
5642 HOLMEFJORD
-samarbeidsutval (SU)
-Foreldra sitt arbeidsutval (FAU)
-fagforeining for tilsette v/HTV

- **Jettegryto barnehage**
Brakabygda 49
5640 EIKELANDSOSEN
-samarbeidsutval (SU)
-Foreldra sitt arbeidsutval (FAU)
-fagforeining for tilsette v/HTV

- **Holdhus barnehage**
Holdhus
5640 EIKELANDSOSEN
-samarbeidsutval (SU)
-Foreldra sitt arbeidsutval (FAU)
-fagforeining for tilsette v/HTV
- **Søre Fusa barnehage**
Neset
5647 BALDERSHEIM
-samarbeidsutval (SU)
-Foreldra sitt arbeidsutval (FAU)
-fagforeining for tilsette v/HTV

Desse fagforeiningane får høyringsdokumenta tilsendt:

- Utdanningsforbundet v/HTV
- Fagforbundet v/HTV
- Delta v/HTV

Adressatane med kulepunkt ovanfor får og tilsendt høyringsbrevet elektronisk på epost.

Høyringsdokumentet ligg og på www.fusa.kommune.no slik at andre som ønskjer det også kan koma med uttale.

Høyringsfrist: 16.01.17.

Levere høyringsuttale: Enklast er det å bruka elektronisk skjema for høyringsuttale. Lenkje til skjemaet finn [her på heimesida til kommunen](#). Du kan også senda uttale som brev til Fusa kommune, Postboks 24, 5649 Eikelandsosen, eller på e-post, til postkasse@fusa.kommune.no

Helsing

Irene Kvåle Foer
einingsleiar

Dokumentet er elektronisk godkjend og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Vedtekter for barnehagane i Fusa kommune frå 01.01.17 1340519 30.11.2016

Mottakar:

Holdhus barnehage	Holdhus	5640	EIKELANDSOSEN
Holmefjord barnehage	Holsundvegen 192	5642	HOLMEFJORD
HTV Delta Fusa			
HTV Fagforbundet Fusa			
HTV Utdanningsforbundet Fusa			
Jettegryto barnehage	Brakabygda 49	5640	EIKELANDSOSEN
Strandvik barnehage	Strandvikvegen 560	5643	STRANDVIK
Søre Fusa barnehage	Neset	5647	BALDERSHEIM
Trollskogen barnehage	Opsalmarka	5641	FUSA